

**Interkommunalt planutval (IKPU) - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland**

**Møte:** 17  
**Tid:** Tysdag 03.10.2023 - kl. 10.00 – 11.15  
**Stad:** Knarvik – Dampen

**Til stades:**

<b>IKPU:</b>	Hallvard Oppedal (Gulen) - møteleiar, Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Karstein Totland (Masfjorden), Lars Fjeldstad (Osterøy), Anne Grete Eide (Alver), Kjetil Eikefet (Modalen) (- med på deler av møte på Teams), Hege Eide Vik (Vaksdal)
<b>Arbeidsgruppa</b>	Kristin Nåmdal (Alver), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Pelle Engesæter (Osterøy), Knut Trefall (Vaksdal), Rolf Raknes og Berit Karin Rystad (Fedje)
<b>Andre:</b>	Terje Villanger, Hans Kristian Dolmen, Bent Gunnar Næss (BG)
<b>Referent</b>	Bent Gunnar Næss
<b>Forfall</b>	

Sak 29/23	<p><b>Godkjenning – saksliste og innkalling</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Det var ingen merknad til saksliste og innkalling.</p>
Sak 30/23	<p><b>Godkjenning av referat frå førre møte</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Det var ingen merknad til referatet.</p>
Sak 31/23	<p><b>3. gongs høyring – merknadar</b></p> <p>Det var totalt 17 stk som hadde sendt inn merknad til 3GH.</p> <p>Liste med dei ulike merknadane er lagt ved og korleis dei er svart ut, lagt ved. Det er ingen innspel som har gitt nokon vesentleg endring i planen.</p> <p>Det var eit innspel om utviding av småbåtanlegg. Ut frå dei signala som Statsforvaltaren har gitt har det ikkje vore tatt inn nye område for småbåtanlegg/brygger etter 1. gongs høyring. I Alver og Gulen er dei overført til kommuneplanen for land.</p> <p>Det var også eit forslag om eit nytt akvakulturområde. Så seint i prosessen er det ikkje aktuelt å vurdere.</p> <p>Dei innspela som er tatt til følge er av meir «teknisk» karakter og har gitt nokre endringar av føresegn og planskildring.</p> <p><b>Vedtak:</b> IKPU sluttar seg til korleis dei ulike merknadane er svart ut.</p>

Resultatet av meklingsmøte med Statsforvaltaren 25.09.23 var at 2 av 3 motsegn vart trekt. Det vart følgjande resultat:

- Øksneset – Austrheim
  - Forslaget til kombinert hamn/akvakultur vert tatt ut av planforslaget. Opprettheld dagens arealføremål som er hamn. Arbeidet som vert gjort med KU for arealet på land vil også gjelde for det arealet i sjø. Gjeldande arealføremål i sjø skal ikkje vere til hinder for å bruke arealet til dømes akvakultur dersom KU skulle peike på det som aktuelt.  
Motsegnet vart trekt.
- Totland – Masfjorden
  - Vert tatt inn eit krav om avløpsleidningen frå eit eventuelt settefiskanlegg må ha sitt utløp utanfor terskelfjorden.  
Motsegnet vart trekt
- Hjeltevarden – Fedje - forslag om akvakultur
  - Motsegnet vart ikkje trekt frå Kystverket og Statsforvaltaren

Det er Fedje kommune/kommunestyret som må ta avgjerd om ein vil ta resultatet av meklinga til følgje eller ta saka vidare til departementet. Signalen som er gitt frå Fedje både av ordførar og vedtak i kommunestyret at kommunen tek saka vidare til Kommunal- og distriktsdepartementet. I forslaget til plan er difor arealforslaget til Hjeltevarden – Fedje tatt med, men det er presisert at arealet er utan rettsverknad til endeleg avgjerd frå departementet ligg føre.

IKPU har no gjennomført det mandatet som kommunestyra gav hausten 2020. I det felles saksframlegget som vert sendt over til kommunane og i planskildringa er sjølve planforslaget og prosessen skildra. IKPU meiner at prosessen med utarbeiding med planen har skjedd på ein fagleg og god måte der dei ulike interessene har fått kome fram med sine innspel og innvendingar til planforslaget. Dette er teke i vare frå utarbeiding av planprogrammet og med 3 høyringar av planforslaget. Det har vore opne møte, dialogmøte og opne kontordagar der dei som vil kome med innspel har hatt høve til det.

I arbeidet med planen og spesielt i siste fase har det blitt klart at arealføremål til småbåthamn og småbåtanlegg bør sjåast på i samla kommuneplan for den einskilde kommune. Det er naudsynt å sjå samstundes på tilhøva mellom sjø og land ved revisjon av kommuneplan.

Areal til akvakultur har difor blitt eit sentralt tema i planen. Arbeidet har også vist at areal til akvakultur bør sjåast på tvers av kommunegrensene slik det er gjort her. Det er på den måten ein kan få til ein total vurdering av forslaget for eit stort nok område/fjordområde. Samstundes må det erkjennast at utfordringane i akvakulturnæringa med lakselus og nedtrekk i produksjonen ikkje vil bli løyst i denne planen. Det er difor behov for å arbeide vidare med desse utfordringane saman med næringa og det arbeidet har starta opp.

Ved at 8 kommunar utarbeider ein felles arealplan for sjø med føresegna har ein fått brukt ressursane på ein effektiv måte og at kompetansen vert nytta på tvers av kommunegrensene. Det har også ført til at kvaliteten på dei kommunale arealplankarta har blitt betre og meir einsarta. Erfaringa med gjennomføring av dette planarbeidet tilseier at

	<p>det ved revisjon av den interkommunale planen for sjøareal, må det presiserast tydeleg kva som skal vere med av arealføremål.</p> <p>Ut i frå ei samla vurdering vil IKPU tilrå at planen med føresegn no vert vedteke slik den ligg føre. IKPU viser til mandatet som er gitt av kommunestyret og legg fram den interkommunale planen for sjøareal til endeleg vedtak i kommunestyra. Det einskilde kommunestyret vedtek arealplan for sin kommune, men med felles føresegn og planskildring. Dette bygger også på felles konsekvensutgreiing og faktagrunnlag.</p> <p>Det er også utarbeida ein felles saksutgreiing som vert sendt til kommunane saman med plandokumenta. Den einskilde kommune kan legge til i saksutgreiinga det som vil vere naturleg og naudsynt for å belyse saka i eigen kommune.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p><b>IKPU sitt forslag til vedtak i kommunestyra:</b></p> <p>NN kommune vedtek arealplanen for sjø i NN kommune med tilhøyrande føresegn. Som grunnlag for planen ligg også planskildringa, konsekvensutgreiing og faktagrunnlag.</p>
Sak 32/23	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Arbeidet med den interkommunale planen har vist at det er behov for regionen å jobbe vidare med utviklinga av akvakulturnæringa for å redusere den negative påverknaden for lakselus og miljø. Dette er omtalt i planskildringa – kap. 9. IKPU ser det som naturleg at dette vert følgt opp av Regionrådet. Det er også naturleg at regionen engasjerer seg i høyringa og diskusjonen om NOU 2023:23 – «Helhetlig forvaltning av akvakultur for berekraftig verdiskaping».</p> <p>Når den enkelte kommune skal revidere sine kommuneplanar, vil det også innebere at areal til småbåthamn og småbåtanlegg vil bli tema. Med den dialogen som har vore med Statsforvaltaren om dette temaet i denne prosessen, er dette eit tema som Regionrådet bør følgje opp vidare med Statsforvaltaren. Det er behov for å få til eit meir omforent bilet av kva som gjeld av statlege forventningar til kommunal arealplanlegging i desse områda. Vidare vil revidert Statlege planretningslinjer for strandsona og diskusjon om sone 1, 2 og 3 vere viktig og sentral for alle kommunane. Dette vil bli tatt opp i eit eige skriv til Statsforvaltaren.</p>

Knarvik, 03.10.2023